# ÅRSMELDING 2017

# FOR

# IDRETTSLAGET TRIO






**Årsmøte 2017, søndag 25. februar 2018 kl 16:00 på Trio-huset**

**SAKSLISTE:**

1. **Godkjenning av stemmerett**
2. **Godkjenning av innkalling og saksliste**
3. **Valg av ordstyrer og sekretær**
4. **Valg av to personer til å underskrive protokollen**
5. **Årsmeldinger**
6. **Regnskap**
7. **Innkomne forslag**
8. **Medlemskontingent**
9. **Valg**
10. **Utdelinger**
11. **Informasjon om Flerbrukshall på Husnes og Garasje-/Lagerbygg**

# ÅRSMELDING HOVEDSTYRET - 2017

**Hovudstyret**
Knut Prestnes, leiar
Hanne Larsen, nestleiar
Egil Jacobsen, kasserer
Knut Årthun, sekretær
Anne Kari Enes, styremedlem
Kari Fausk Blokhus, varamedlem

9 styremøter er avholdt i 2017. Gruppelederne har deltatt på styremøtene.

**Av saker som har vært behandlet i styret i 2017 kan nevnes:**

- **Gjennomgang av bankkonti og bankfullmakter foretatt.**
  Ført til bedre rentebetingelser og oversikt.
- **Nytt oppsett for ny Hjemmeside utviklet.**
- **Garasje- og Lagerbygg**
  Ferdigstilling før sommeren 2018.
- **Ny Flerbrukshall**
  Forprosjekt for ny flerbrukshall på Husnes ble etablert i desember 2015 i samarbeid med Kvinnherad Handballklubb og Kvinnherad Kommune. Forprosjektet er finansiert med kr 100.000 fra hver av deltagerne.
  Målet er byggestart høsten 2018 og en ferdigstilt idrettshall innen utgangen av 2019. Anleggskomite er etablert og ajourførte krav/behov er fullført. Pågår diskusjon om endelig lokalisering og finansiering.
- **Jubileumsbok**
  IL Trio er 75 år 27.01.2021. I den anledning har Hovedstyret igangsatt arbeidet med en jubileumsbok. Boknemda består av Ivar Vaage, Olav Sæbø, Solbjørg Olderkjær og Knut Røyrvik. Fremdriften er god. Ferdig trykt jubileumsbok er planlagt til høsten 2020. Kvinnheringen står for lay-out og trykking.

**Økonomi**
IL Trio har en sunn og trygg økonomi, mye p.g.a. godt arbeid i gruppene. Viser ellers til regnskapet. Styret takker alle sponsorer og samarbeidspartnere for et godt samarbeid.

**Dugnadsinnsats**
Det er fremdeles glimrende dugnadsinnsats i Trio. «Onsdagsgjengen» er et veldig godt eksempel som bl.a. har utført hogging og rydding av skog på tomten til det nye garasje- og lagerbygget.

**Aktivitet / medlemstall**
Det er god aktivitet i gruppene, noe årsmeldingene fra gruppene viser.
Totalt medlemstall pr 31.12.2017: 844

Styret vil takke alle medlemer, trenerer, ledere og tillitsvalgte for godt utført arbeid i 2017.

Husnes, 15.02.2018
For styret
Knut Prestnes
Leiar



# Årsmelding for IL TRIO symjegruppe 2017

**IL TRIO symjegruppe**

Symjegruppa er basert på friviljug arbeid for å gje born, unge og vaksne tilbod om symje-opplæring og trening. Me har i dag eit 20 tals vaksne og unge som dagleg, året igjennom gjer ein fantastisk, stor og samvitsfull innsats for å gi våre medlemmer eit trygt og godt opplærings- og treningstilbod.




Juleavslutning 2017

**Fylgjande har vore med i styret:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Geir Sverre Andreassen |
| Nestleiar: | Tonje Gravdal |
| Skrivar: | Ann Helen Collins |
| Kasserar: | Knut Digranes |
| Styremedlem: | Ella Therese Gudding |
| Styremedlem: | Holmfridur Adalsteinsdottir |
| Styremedlem: | Roald Vigrestad |

**Medlemstal:**

Symjegruppa hadde 150 medlemmer per 31/12-17.

Trenarar har vore: Kenneth Blom, Geir Sverre Andreassen, Roald Vigrestad, Ronny Gudding og Ella Therese Gudding.

Symjeskulen har gitt 137 born symjeopplæring i 2017

Intruktørar har vore: Symjeskuleansvarleg Tonje Gravdal, Ann Helen Collins, Silje Teigen, Kurt Petterson, Ella Therese Gudding, Roald Vigrestad og Geir Sverre Andreassen. Morten Skjellevik Bjørsvik og Håvard Mansåker Hope har vore hjelpeinstruktørar



Symjegruppa har tilbudt symjetrening seks dagar i veka til born, unge og vaksne, ein har i tillegg gitt treningstilbod fridagar og heilagdagar.

Treningsgruppa med eit 20 tals ungdom mellom 8 – 16 år har hatt ein god sportsleg framgang, dei har vist god trenings- iver og glede. Dette er «premiert» med nye personlege rekordar når dei har deltatt på symjestemner.

Alle medlemmer er registrert i Minidrett, deltakarar i symjeskulen er i tillegg registrert i tryggivann (krav frå Norges svømmeforbund)

**Aktivitet:**
Styret har hatt fire styre møter og tre trenar- instruktør møter.
Symjegruppa har i samarbeid med Kvinnherad røde kors hjelpekorps hatt 1. hjelp og livredningskurs i bassenget for 20 av våre medlemmer- vaksne og ungdom.

Symjegruppa vart også i år trekt ut som vinnar av gåvekort pålydande 5000 kroner, for beste stand på fritidsmessa som var arrangert i Kulturhuset. Eilinor Thomas Isaac, Mari Eik Bjelland, Ida Helen Gudding, Ellamilie Gudding, Luna Gravdal Ella Therese Gudding og Tonje Gravdal representerte symjegruppa.

Symjegruppa har hatt med ein domar på Kværner swim cup, vore med symjegruppa på 2 approbert symje stemner og eitt uapprobert symjestemner.



Frå julestemne 2017

Symjegruppa hadde sesongavslutning før sommarferien på Feto i Handelandsdalen, her møtte eit hundretals symjevener til grilling, kos og sosialt samvære. Det var også utdeling av diplomar og merker for avslutta kurs i symjeskulen.



Juleavslutninga for symjegruppa var også i år ein stor suksess, litt i overkant av 30 symjarar var med å setje ein flott og minneverdig avslutning på 2017 sesongen. Den yngste deltakaren frå symjeskulen var 6 år og deltok saman med fleire andre for fyrste gong på symjestemne.
160 personar var med å setje krona på avslutninga i gymsalen med kakefest og premieutdeling til alle deltakarane.
I tillegg fekk Didrik Gudding, Eilinor Thomas Isaac og Ida Helen Gudding premie for flest treningsoppmøter. Eilinor Thomas Isaac og Didrik Gudding for best framgang på symjetider.

Symjegruppa har deltatt med tre instruktørar på Kompetansehelga som vert årleg arrangert av Norges svømmeforbund. Her får klubbleiing, trenarar og instruktørar fagleg påfyll samstundes som ein knyter kontaktar/nettverk.

Fire instruktørar har også delteke på Norges svømmeskoles impulssamling i Bergen, målet med samlinga var å gje instruktørane ny kunnskap for å betra opplæringstilbodet klubbane gjev.





Det må også nemnast at symjegruppa fekk pengegåve frå Sparebank Vest på 50 000 kroner, gåva er nytta til innkjøp av to brukte oppbevaringsvogner for symjeutstyr.




Utdeling av sparebankmidlar 2017

Det er så smått starta arbeid med å laga handbok for symjegruppa, me håpar å få sluttført arbeidet i løpet av våren 2018.

Symjegruppa vil leggja til rette for at konkurransesymjarane får utvikla seg vidare med å oppretthalda treningstider og om mogleg få etablert utdanna trenarkapasitet for desse.

Symjeskulen skal halda fram med å gje symjeopplæring til born og unge, me vil i tillegg freiste å gje tilsvarande tilbod til ungdom og vaksne.

# Kvar nordmann ein symjar,
# Kvar symjar ein livreddar.

# ÅRSMELDING 2017 – TRIO-HUSET

Saker som har blitt gjennomført i huset.

- Kjøpt nye bord og stoler til storsalen.
- Fått nye gardiner til storsalen
- Slått sammen to rom og fått nytt møterom.
- og ellers vanlig vedlikehold som huset treng.

Økonomien i huset er bra og vi har vert ein positiv gjeng på 6 stk som har bestått av

Aud Berit Eide.
Svein Jarle Moe.
Rita Larsen.
Lars Terje åsen.
Aud åsen.
Runar blokhus.

# Årsrapport for IL TRIO Turn

## Gruppestyrets sammensetning

Turngruppen har ikke hatt en formell leder i denne sesongen, men Kjersti Veastad har utført de fleste lederoppgavene som fordeling av post, kontakt med kretsen, innkalt og ledet styremøter i turngruppen, deltatt på styremøter i hovedlaget og tatt initiativ til å arrangere juleoppvisning. Øvrige styremedlem er nestleder Anneli Rønstad, sekretær Beathe Ingvaldsen Høydal, kasserer Eirin Gravdal, medlemsansvarlig Kjersti Sund, styremedlem Nina Thorkildsen.

## Gruppestyrets arbeid

Gruppestyret har oppdatert medlemslister i Min Idrett, sikret at instruktørene har levert politiattest ihht lovforskrifter, søkt om midler til og kjøpt utstyr, søkt om halltid i Husneshallen for å bedre treningsforholdene, sikret at flere av instruktørene har deltatt på inspirasjonskurs på Stord, arrangert hjelpetrenerkurs i Kvinnherad sammen med turngruppa i Omvikdalen, oppdatert hjemmesider med info om innhold og tidspunkt for de ulike treningsgruppene, skaffet foreldrekontakter på de ulike gruppene for å avlaste instruktørene, skaffet ny hovedinstruktør til Gymleik 4 år på Husnes, rekruttert 6 ungdommer til å være hjelpetrenere, skaffet flere styremedlem i turngruppen for å avlaste instruktører som også sitter i styret.

## Vurdering av aktivitet i forhold til mål:

- Sikre kontinuitet blant instruktørene. Viktig med avlastning og skape motivasjon til å fortsette som instruktører. For å avlaste instruktørene har vi opprettet ordning med foreldrekontakt på de ulike partiene, rekruttert hjelpetrenere på flere av partiene, skaffet flere styremedlem slik at instruktører blir fritatt oppgaver i styret. For å skape motivasjon blant instruktørene har de blitt oppfordret til å delta på inspirasjonskurs på Stord og i Sandnes, arrangert hjelpetrenerkurs, deltatt på Aktivitetsdag på Bømlo og salt-dag i Bergen.
- Forebygge at utøverer fra 12-13 års alderen faller fra. Viktig å skape motivasjon for trening ved å skape et sosialt fellesskap, delta i konkurranser med andre turnere og at de opplever utvikling som utøvere. Tumbling-partiene 10-11 år og 12 år + deltok på Salto-dager i Bergen. Seks av utøverene har også tatt hjelpetrenerkurs og er instruktører på ulike partier. Det er også planlagt en dag på Rush Trampolinepark i Bergen.

**Medlemstall for 2017**

| | 0-5 år | 6-12 år | 13-19 år | 20-25 år | 26 år og eldre | Totalt |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | 36 | 58 | 12 | 1 | 18 | 125 |
| Menn | 22 | 20 | 5 | 1 | 2 | 50 |
| Totalt | 58 | 78 | 17 | 2 | 20 | 175 |

**Medlemsutvikling**

| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | | | | | | |
| Menn | | | | | | |
| Totalt | | | | | | |

Sunde 14.02. 2018

Anneli Rønstad
Leder i turngruppen

# Årsmelding Trio Friidrett 2017

Friidrettsgruppa har gradvis bygd seg sterkare i 2017. Det vart ikkje fokusert på å arrangere større stemner, men på å etablere aktivitet og få struktur og ein sunn økonomi i gruppa. Vi har framleis relativt lite organisert treningsaktivitet, men gjennomførte tre særs vellukka arrangement. Særleg må Triostafetten trekkjast fram, den vart ein formidabel suksess.

## Styrearbeid

Det har vore 4 styremøter gjennom året, nokre tilknytta arrangementsførebuing, og vi hadde vi eit samarbeidsmøte med alle idrettslaga i Kvinnherad. I tillegg 6 fellesmøter med Lions om Løveleikene.

Tronn Urdshals har teke på seg verket som materialforvaltar og har gjort ein framifrå jobb både med oppfølging av Husnes stadion og ikkje minst med orden og system i garasje/redskapshuset. I styret elles har vore Are Ulseth (leiar), Årstein Eik, Randi Knudsen (idrettsmerke), Trude Sundsteigen, Dagfinn Jensen, Ingunn Sæverud Jensen, Reidar Jensen, Gunnar Helland og Arne Ingar Myhre. Det er trong for å styrke styret noko for å etablere meir aktivitet i året som kjem.

## Informasjon

Friidrettsgruppa brukar Trio si nettside aktivt rundt våre arrangement. Vi har i tillegg ei eiga Facebookside for Friidrettsgruppa, men syt også for å alltid bruke Trio si felles Facebookside til å nå ut med informasjonen vår.

## Treningar

Ingunn Sæverud Jensen tok på seg ansvaret for treningar for born hausten-16 og det har kvar veke vore halde treningar for aldersgruppene 6-10 år, helst delt i to etter alder. Seinhaustes og til vinteren har desse treningane gått føre seg på Sunde skule. Deltakinga har vore noko variabel, men Ingunn har gjort ein framifrå jobb, og har hatt hjelp i frå Tronn Urdshals i periodar med stor deltaking.

For eldre utøvarar har det ikkje vore etablert organiserte treningar. Men i fellesskap med Triathlon-gruppa har ein gjennom heile året hatt løpstreningar kvar onsdag kveld og søndag føremiddag. Fleire av deltakarane her er aktive deltakarar på løpskarusell, mosjonsløp og marathon. I haust starta Arne Torget og Raymond Olsen opp med treningsgruppe for kastøvingar.

Friidrettsmerke er det stadig mindre interesse for, særleg blant dei yngre. Det har ikkje vore råd å få til noko særleg opplegg rundt dette og berre eit par godt vaksne utøvarar har teke merket.

## Arrangement

**Triostafetten** vart avhalde 1.mai, og det er ein dato vi ønskjer å halde fram med. Medan det i 2016 var om lag 100 deltakarar og under 20 lag, klarte vi i 2017 å gjere stafetten til ein skikkeleg folkefest med over 250 deltakarar og totalt 49 deltakande lag! Med god førebuing og planlegging klarte vi å gjennomføre arrangementet, som vart mykje større enn vi hadde sett føre oss. I rekruttklassen var det 13 deltakande lag og dei sprang 4x100 meter. Alle lag sprang to løp før det vart premiering til alle.

Men den store auken var i dei eldre klassane. I ungdomsklassane var det 21 lag, tre gonger så mange som året før. Her var det 6 etappar i ulike lengder. Nytt av året var ein mixklasse i senior med fokus på breidde. Den var eit godt bidrag til at antal seniorlag gjekk frå 2 året før til 15 i 2017. Herreklassen vart vunnen av Trio 1, medan Uskedal 1 vann dameklassen, og Husnes Ungdomsskule gjekk til topps i mixklassen.

Vi ser at god planlegging og promotering er viktig for å få gode arrangement og betre deltaking, og vi er allereie i gong med å førebu og reklamere for årets stafett, som går av stabelen 1.mai.

**Terrengløpskarusellen** vart avhalden for fjerde året på rad. I 2017 gjekk ein ned frå 5 til 4 arrangørklubbar igjen, og tilsvarande antal løp. Det var løp i både Åkra, Rosendal og Uskedal, før

karusellen vart avslutta med Kvinnheradmeisterskap i Husnes idrettspark. Her var det 97 deltakarar, ein auke frå 70 året før. Men det er potensiale for meir. Totalt i terrengkarusellen var deltakarantalet mykje høgare, dømesvis skal det ha vore oppimot 250 deltakarar på Åkraløpet.

**Løveleikene** midt i juni vart også ein kjempesuksess. Det er første gongen vi arrangerer dette friidrettsstemnet for utviklingshemma, og det kom i stand etter førespurnad frå Lions, som ønskte å markere sitt 100-årsjubileum med å bidra til eit slik arrangement. Det var vel 35 deltakarar frå Kvinnherad, Stord og Fitjar, samt nokre som tok turen heilt i frå Bergen. Eit godt planlagt og velorganisert arrangement med idrettsglede i sentrum. Dette ønskjer vi å gjenta også i år.

### Bruk av anlegget

Skulane har vore flinke å bruke det flotte friidrettsanlegget vårt, både til treningar/gymtimar og til ulike arrangement. Ungdomsskulen brukar også garderobeanlegget på Triohuset.

Eit par av kommunens mest lovande løpstalent frå Rosendal Turnlag, med Sindre Solbakken Omvik i spissen, har fått nytta bane- og garderobeanlegget til treningar gjennom året.

Anlegget er elles mykje brukt til ymse uorganisert trening. Ikkje minst er Trioløypa, turløypa rundt idrettsparken, veldig populær og blir nytta av fleire titals menneskjer kvar dag.

### Økonomi

Etter å i mange år har hatt så liten økonomi at den har gått inn i hovudlaget sitt rekneskap, vart det i 2016 oppretta ein eigen konto for Trio Friidrett. Vi har kvart år hatt trong for eit tilskot frå hovudlaget, men årets rekneskap viser at det skal det ikkje vera behov for i åra som kjem. Eit greitt overskot sjølv utan tilskotet frå hovudlaget i 2017, og vi budsjetterer med å gå i balanse i 2018.

### Planar

Vi har gjennom hausten og vinteren starta planlegging av Løveleiker, i saman med Lions Kvinnherad og Lions Stord/Fitjar. Planlegging av Triostafetten er også i gong. I år må vi også få til minst eitt ordinært friidrettsstemne.

Vi må elles få til treningar også for born 11 år og eldre og gje tilbod til utøvarar som vil spesialisere seg i ulike greiner. Det er også trong for å få til seriestemner på planmessig basis.

*Rekneskap og budsjett inndelt i postar. Rekneskapet er noko korrigert og forenkla frå det fullstendige.*

### Samarbeid

Som over nemnt har vi starta eit samarbeid med Lions om å arrangere Løveleiker.

På samarbeidsmøte med idrettslaga vart det diskutert samarbeidsformer for friidrettsgruppene, i hovudsak for utøvarar frå 13 år og opp til senior. Her er det ofte spesialisering i ulike greiner og dei som vil satse på idretten blir ofte einsame i trening og med begrensa trenarressursar. Med samarbeid i form av eit Folgefonn Ski&Friidrett er det tenkt å gje eit betre sportsleg tilbod og etablere ein meir profesjonell organisasjon med trenarkrefter, felles trening og eigne sponsormidlar. Tanken er at dette fungerer som ei overbygging mellom idrettslaga og at utøvarane i tillegg er medlem på normalt vis i eige idrettslag. Trio si friidrettsgruppe er positive til deltaking her, sjølv om vi pr i dag ikkje har utøvarar i kategorien. Det har ikkje vore særleg aktivitet i etterkant av dette, men håpet er å styrke det i 2018.

For Trio Friidrettsgruppa,
Leiar Are Ulseth

## ÅRSMELDING IL TRIO VOLLEYBALL 2017

Styret i IL Trio Volleyball har i 2017 bestått av følgjande personar :

| | |
|---|---|
| Leiar : | Einar Opdal |
| Nestleiar : | Cathrine Skogseth |
| Sekretær : | Gry Solheim |
| Kasserar : | Javier Araya |
| Styremedlem : | Sille Tars, Robert Haugland, Frode Dale. |

Det har vore styremøter ca. kvar femte veke. Styret har koordinert den sportslege aktiviteten i gruppa, jobba med inntektsbringande tiltak og hatt til intensjon å utvikla volleyballgruppa videre. Ambisjonen er å byggja opp eit tilbod til alle alderstrinn, i tillegg til at både junior- og seniorlaga skal markera seg med gode sportslege resultat i Hordaland. Samarbeidet i styret har fungert svært bra og det har vore avvikla møter både med trenarar, oppmenn og foreldre. Det er eit ynskje at vi kunne hatt enno fleire personar som er villige til å ta på seg større og mindre oppgåver. Mellom anna gjeld dette marknadsarbeidet då det her heilt klart ligg eit potensial utover det som gruppa utnyttar pr. i dag.

Sportsleg var sesongen 2016 - 2017 ein sesong med fokus på rekruttering og breidde framfor resultat. Det var stort at damelaget vann 2. div i Hordaland. Dei andre laga hadde fokus på langsiktig oppbygging og fekk gode resultat, likevel ikkje heilt i toppen. Rekrutteringa på jentesida har vore god .

Volleyballgruppa har som mange andre ei utfordring med å skaffa inntekter. Gruppa har ein trygg økonomi. Hovudinntektskjelda er dugnadsarbeid, der tilsynsvakt i Husneshallen er den største inntektsposten. Det har vore arrangert 2 interne turneringar ( vår og haust ) med godt frammøte. 12. mars haddeTrio ansvar for ranking 2. div. damer med 8 lag påmelde. Det var stor stas at Trio sitt damelag vann turneringa og samstundes vart dei vinnarar av 2.div kvinner for 2016-2017 sesongen. 4. og 5. november arrangerte Trio seriehelg for U13 og U15 . Eit svært vellukka arrangement der klubben for fyrste gong hadde med jentelag i U13.

Trio hadde 2 representantar ( Cathrine Skogseth og Einar Opdal ) på arrangørmøte i Bergen 6. mai for 2017-2018 sesongen.

**Rekneskap.**

## 102 Volleyball

Regnskapsbudsjett 01.01.2017 - 31.12.2017 Regn.ifjor: 01.01.2016 - 31.12.2016

## ÅRSRESULTAT - 2017

| Kontonr | Kontonavn | Kontosum | Regn.ifjor |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| | **Driftsinntekter** | | |
| 3000 | Medlemskontingent | 3 600 | |
| 3030 | Treningsavgift | 4 760 | 1 059 |
| 3320 | Stevneinntekter egne arrangementer | 48 911 | 3 813 |
| 3409 | Utført dugnad | 176 450 | 173 129 |
| 3410 | Egenandel på kamper | 4 800 | |
| 3430 | Grasrot | 44 271 | 55 159 |
| 3700 | Andre driftsinntekter | 33 703 | 27 667 |
| | Driftsinntekter | 316 495 | 260 827 |
| | **Driftsutgifter** | | |
| 5000 | Lønn/honorarer | | -8 000 |
| 6301 | Leige av husnoshallen | -31 150 | |
| 7010 | Materell og utstyr | -14 705 | -19 278 |
| 7080 | Dommerutgifter | -2 900 | -4 697 |
| 7100 | Reiseutgifter | -64 309 | -125 645 |
| 7210 | Kontingenter/avgifter til idr.org.. | -30 410 | -33 292 |
| 7250 | Stevnekostnader egne arrangement | -1 200 | -13 410 |
| 7300 | Reklame og annonser | -8 793 | -9 265 |
| 7500 | Utgifter kiosksalg | -17 690 | |
| 7790 | Diverse driftsutgifter | -14 192 | -13 270 |
| | Driftsutgifter | -175 417 | -226 857 |
| **DRIFTSRESULTAT** | | **141 078** | **33 970** |
| | **Finansposter** | | |
| 8040 | Renteinntekter | 98 | 84 |
| 8140 | Renteutgifter og gebyrer | -123 | |
| | Finansposter | -25 | 84 |
| **RESULTAT FØR SKATTER** | | **141 053** | **34 054** |
| | Skatter og årsdisp | | |
| | Skatter og årsdisp | | |
| **ÅRSRESULTAT** | | **141 053** | **34 054** |
| | **Disp. av årsresultat** | | |
| | Disp. av årsresultat | | |

## 2.divisjon damer

Robert Haugland fullførte 16/17 sesongen som hovedtrener og gav ifra seg ansvaret pga familieforøkning. Stian Petterson overtok hovedansvaret ved oppstart av 17/18 sesongen og fikk med seg Åge Vik i trenerteamet. Dermed har vi fremdeles klart å stille to trenere på trening og i kamp. Før sesongstart fikk vi på plass oppmann, som Malin Tungesvik har løst på en flott måte.

**Treninger:**

Vi kom litt seint igang med oppkjøringen til sesongen 17/18. Det har til tider vært meget varierende oppmøte, tiltak i form av å bytte dag og premiering for flest treninger ble utført for å få flere med. Men det kan ikke sies å ha lykkes, og oppmøtet kan og burde vært bedre. Vi har fortsatt treningen som i fjor, med fokus på situasjoner og øvelser hvor vi enkelt kan forbedre og forsterke laget. Vi har hatt fokus på fysisk trening og vi ser fremskritt på kondisjon, utholdenhet og spenst. Egentrening er pålagt og gjennomføres på fritiden.

**Spillerstall:**

Malin H. Tungesvik (Kapt), Renate Engelsen, Katja Hoffman, Christine B. Skogseth, Amalie M. Ynnesdal, Katarina Kucerkova, Trine Sundfjord, Susann Olsen Haga, Anna Skogseth, Aurora Aasgard

Vår kaptein Katarina var uheldig og slet akillesen under Åpningsturneringen i starten av sesongen, og har dermed vært ute av troppen. Malin var da et naturlig valg som kaptein. Damene teller idag 10 stk. Vi mister noen og får opp noen. Av nye ungdommer inn på laget kan vi nevne Anna Skogseth (U17) og Aurora Aasgard (U17).

Vi har ikke fått på plass en god løsning for å inkludere U17 spillere på dame nivå.

**Resultater**

Målsetninger for 16/17 sesongen var å vinne 2.divisjon. Tittelen tok vi for 2. år på rad. Noe vi selvsagt er fornøyd med. Målsetningen for 17/18 er topp 3. Vi valgte å justere denne siden vi mistet to sentrale spillere i Katarina og Christine. Utover i sesongen ser vi også at nivået i ligaen har utjevnet seg, og vi får tøffere motstand. Men vi ligger godt an og en god plassering i rankingen kan plassere oss på topp igjen.

Åpningsturneringen ble ikke helt som planlagt, med kapteinen på sykehus med slitt akilles. Men vi drar iland 4.plassen som etter omstendighetene er meget bra. Damene selv var litt skuffet, men ble etter hvert fornøyd med plasseringen.

I skrivende stund ligger damene på 2.plass, 1 poeng bak ledende TIF Viking 3. Det gjenstår 4 kamper og ranking turnering. Så her er ingenting avgjort. En annen målsetning for 17/18 var å etablere to U19 spillere fast på damelaget. Aurora og Anna har reist med damelaget hele 17/18 sesongen. De har vært med på samtlige kamper i 17/18 og er godt etablert.

**Materiell:**

Det har ikke vært de store behovene for materiell i år. Forbruksmateriell som isposer, tape og div har vært tilgjengelig hele veien. Nye drakter var på plass før sesongstart. Q fungerer bra.

**Kurs:**

Mangler trenerkurs for Stian og Åge.

## Jenter U17

### JENTER 17.

Sille Tars har vore trenar. Oppmann har koordinert reiser og informasjon rundt kampar på ein svært god måte. Treningar har hatt fokus på situasjonar og øvelser hvor vi enkelt kan forbedre og forsterke laget. Vi har hatt fokus på fysisk trening og vi ser fremskritt på kondisjon, utholdenhet og spenst. Oppmøtet på treningene har vært jevnt over bra. Egentrening er pålagt og gjennomføres på fritiden.

**Spillerstall:**

Anna Skogseth, Kristine Eikemo Røstbo, Anna Krossøy, Hanne Lene Tofte, Martha Saghaug, Sofie Sjo, Frida Nilsen, Anniken H. Røssland, Miriam Hasan, Ingrid Prestnes, Mari Bolette Helvik

Vi mister noen spillere hvert år og behovet for rekruttering av nye spillere er nødvendig. Vi mistet mange jenter J15 på grunn trenarmangel. Heldigvis begynte J13 å trena haust 2017, så vi håper at dei ein dag vil koma p åJ17.

**Resultater**

Målsetting for 16/17 sesongen var å vinne 2.divisjon. . Rankingturnering begynte litt tidlig for oss, og vi rykte ned til 3. divisjon. Seianre i sesongen vart det 1. plass i 3. divisjon og opprykk til 2. divisjon. J17 reiste til Estland på turnering. Her var nivået høgare, men Trio J17 klarte seg bra.

J17 sammen med trenere satt seg som mål om å få 4. plass i sesongen 17/18 også. Dette skal vi oppnå med fokus på fysisk trening, spilleglede og teambuilding. Sidan sesongen ikke er over er det for tidlig å sei om vi vil nå målsetninga, men tabellsituasjonen vitner om gode resultater og at jentene er på rett vei. J17 er motiverte og moralen er god.

**Matriell:**

Det trengst meir utstyr som vi håpar er på plass til neste sesong. Forbruksmateriell som isposer, tape og div har vært tilgjengelig hele veien.

**Kurs:**

Ny trenerløype er påkrevd etter januar 2018.
Trener for J17 skal gjennomføre «Trener 2» i 2018. Trener Sille Tars har gjennomgått «Ungdomstreneren» og «Trener 1»

[redacted]

### U13.

Frå haust 2017 har 14 U13 spelarar trent på Sunde skule. Dei hadde si fyrste turnering på Trio si seriehelg i Husneshallen. Trenar har vore Weronika Kudlaczak , Bjørg Eli D. Aasgard har hjelpt til ved nokre høve. Laget består av desse spelarane : Leah R. Mo, Marte Nilsen-Nygård, Emilia Marta Kudlaczak, Ingeborg Thoresen Saghaug, Andrine J. Mortensen, Helene

N. Totland, Viktoria Melstveit, Thea Elise Eliassen, Siri Aasgard, Angelica Vimme, Emilie Vimme Olsen, Oline Skogseth, Ida Hartveit.

**Jenter U15.**

Det var påmeldt lag for sesongen. Grunna trenarmangel vart det ikkje noko lag videre.

**Gutar U15 og Gutar U17**

Gro Rusten har hatt ansvar for desse laga med hjelp til G15 frå Frode Dale. Det har vore ei gruppe på 12 G17 spelarar og 4 – 5 på G15. G17 treningane har vore eit flott integreringstilbod for flyktningar. Begge laga har delteke på seriehelger.

**Sandbane – dugnad.**

Volleyballgruppa har delteke med dugnad på den nye sandbanen. Den vart ferdig i 2017 og vil vera eit viktig tilskot på sandvolleyballfronten.

**Framtidsutsikter.**

For sesongen 2017-2018 hadde Trio påmeldt 1 lag 2. div. kvinner, J-17 ( 2 lag ), J-15 ( 1 lag ), G-15 ( 1 lag ) J-13 ( 2 lag ) , G-13 ( 1 lag) .

Damelag i 2. div. samt god kvalitet i yngre årsklassar gjev eit godt fundament for framtida på damesida. Det har kome enno fleire gutar i alder for G-15 og G-17 på trening haust 2017. men vi treng faste trenarar for at dei skal bli etablerte lag. Lukkast vi med å få trenarar til desse, så kan dei bli eigne lag og rekruttering til eit seniorlag i framtida.

Denne sesongen har dugnadsarbeid vore hovud- inntektskjelda. Gruppa har eit nøkternt kostnadsnivå der trenarinnsatsen er basert på frivillighet. Dei største kostnadane er relatert til reiser og deltaking i turneringar / seriespel.

For å kunne vidareutvikla volleyballgruppa er det eit sterkt ynskje å knyta til seg meir ressursar, dette gjeld både trenarsida og til styre og andre funksjonar.

Den støste utfordringa framover er nye trenarar og nyrekruttering av spelarar.

Volleyballgruppa har vore engasjert i planlegging av ny idrettshall og ser fram til den kjem. På vegne av volleyballgruppa håpar me å kunna by spelarar, trenarar og andre støttespelarar på mykje moro også i 2018 og vidare. Takk til alle foreldre og andre som har bidrege på dugnad og publikum som møter trufast opp på heimekampane i Husneshallen.

Sunde 5. febr. 2018

IL Trio Volleyball

Styret.

# Årsmelding fotball gruppa 2017

**Styret:**

| | |
|---|---|
| Kjell M Eide | Leiar |
| Roger Røssland | Nest og seniorleiar |
| | Sekretær og medlemsregister |
| Trond Thorsen | Ungdomsleiar |
| Jarle Håvik | Økonomi ansvarlig og sponsor |
| Svein Egil Heimvik | Anleggs ansvarlig |
| Veronica Stensohn | Ungdom/barn |

**Andre sentrale personer utover styret:**

| | |
|---|---|
| Are Ulseth | Overganger, Klubb dommer ansv, Husnes Cup, osv. |
| Anita Åkre Hauge | Kiosk/arr ansv, alle arrangement innkl Husnes Cup |
| Hanne Larsen | Sponsor +Husnes Cup. |
| Jamal Soosainather | Banekoordinator |
| Jan Olav Madsgård | Utstyrs ansvarlig |
| Håvard Skogseth | Buss |

# Styrets årsmelding

## Administrativt

Vi fekk ikkje på plass sekretær og økonomi ansvarlig på årsmøtet i fjor. Dette har vore jobba med utover heile året. Vi fekk til slutt inn Maria Santiago som sekretær frå hausten av, og økonomi jobben vart håndtert av Jarle Håvik ved å endre litt på oppgavene internt. Dette har ikkje vore optimalt og ført til at arbeidspresset på medlemmer i styrtet har vore meir enn det burde. Men det har hjelpt at det er bestemt at føring av rekneskapet skal utførast av Summarum for alle gruppene minst kvart kvartal. Dette har ikkje komen heilt igjenge i årets sesong, men vil vera veldig positiv for åra framover, med jevnlig økonomi oppdatering. Vi har elles innført rutiner med krav om søknad og budsjett lagene sine cupdeltakelser. Vi har krevd at kvart lag skal lage rekneskap over inntekter og utgifter. Dette ser vi allerede resultat av i årets rekneskap. Det er heller ikkje til å legga skjul på at året har vore utfordrande med nokre tunge saker. Vi har hatt ein utstyrsavtale som ikkje har fungert i det heile og som vart sagt opp i november. Det har vore mykje unødvendig splid mellom lag og diskusjoner rundt spelarar og bruk av desse. Styret har behandla og brukt mykje tid på å prøva å legga gode løysinger for klubben, lagene og spelarane. Vi kan leve med at ikkje alle er enige i styret sine standpunkt, men vi må avslutte diskusjnene når beslutning er tatt. At vi ender opp med å bli «hengt ut» i Kvinnheringen av «våre» medlemmer finn vi direkte urimelig når det einaste vi har gjort å setja spelarane og klubben føre enkelt interesser.

## Arrangement

Det er arrangert Trio cuper, som er våre innendørs cuper for alle lag under 16 år. Totalt 4 cuper. Påske lotteriet vart gjennomført med rekord overskudd i år og. Einar Herskedal med hjelp frå Are gjennomfører dette på ein strålande måte og takka vere dette sel spelarane svært godt med lodd. Fotball skulen arrangerte vi rett etter skuleslutt i juni. Husnes Cup vart avvikla med rekord deltaking og rekord overskot. Sjølv om cupen vart ei helg seinare enn normalt. Det velfungerande arrangør korpset med Are, Hanne og Anita i spissen gjennomførte på ein strålande måte med skryt frå deltakarar og alle andre. Alt gjekk egentlig på skinner. Alle lag stilte med vakter og dugnadspersonale. Alle gjorde ein strålande innsats. Om mulig så synes vi dette er den best gjennomførte Husnes Cup nokon sinne. Det som gjer oss noko betenkt for framtida er at kommunen har 4 dobla prisen på overnatting på skulane(frå 50 til 200 kr pr stk for ei helg). Vi har tru på kommunen vil gå tilbake til tidligere satser. Elles vart sesongen avslutta med nok ein vellykka fotballfest på Triohuset med rundt 60 deltakere vart dette ein kjekk avslutning av sesongen.

## Senior avdeling

### A-laget

